



Meland kommune  
- Eit samfunn for alle -

Avs:  
Meland kommune  
Havnevegen 41a  
5918 Meland

Til private barnehagar i Meland kommune.

Innrapportering av resultatrekneskap for ikkje-kommunale barnehagar 2015

Alle ikkje-kommunale barnehagar, det vil seie alle private, statleg og fylkeskommunalt eigde barnehagar som var i drift per 15.12.2015, skal innrapportere resultatrekneskapsopplysningar for 2015 gjennom innrapporteringssystemet BASIL på [basil.udir.no](http://basil.udir.no). Kommunen ønskjer med dette brevet å informere om rapporteringa og å klargjere kva for oppgåver barnehagen har i samband med resultatrekneskapsrapporteringa.

Opplysningane skal brukast til å sikre at tilskot og foreldrebetaling blir brukte i samsvar med barnehagelova § 14a, og leggje til rette for kommunalt tilsyn med bruken av tilskot og foreldrebetaling.

Barnehagen fører sjølv inntekter i skjemaet. Dette gjeld òg tilskot utbetalt av kommunen. Barnehagen spesifiserer korleis det kommunale tilskotet er utbetalt. Kommunen fyller eventuelt ut steg 12, Supplerande opplysningar frå kommunen.

I år skal alle barnehagar nytte UBAS (Utdanningsdirektoratets brukaradministrasjonssystem) for pålogging i BASIL. Ta kontakt med kommunen for å få oppretta brukarnamn og passord. Du finn meir informasjon på [udir.no/ubas](http://udir.no/ubas). Dersom barnehagen ønskjer å gi revisor brukartilgang til resultatrekneskapskjemaet, skal dette gjerast gjennom UBAS. Gjennom UBAS får revisor tilgang til alle barnehagar vedkommande fører rekneskap for.

Barnehagens revisor skal revidere og leggje fram revisjonsberetning basert på ISA 805 Særlege omsyn ved revisjon av enkeltstående rekneskapsoppstillingar og spesifikke element, kontoar eller postar i ei rekneskapsoppstilling. Revisjonsberetninga skal sendast til ansvarleg i kommunen.

Barnehagar som er unnatekne frå kravet om revisor i forskrift om rekneskapsplikt for godkjende ikkje-kommunale barnehagar, skal berre sende inn resultatrekneskapskjemaet i BASIL.

Fristen for å fyller ut resultatrekneskapskjemaet er: 16.09.2016. Kommunen sin frist for godkjenning er 1.oktober 2016.

Lenkja til BASIL er: [basil.udir.no](http://basil.udir.no).

De finn meir informasjon om innrapportering av resultatrekneskap på:

<http://www.udir.no/tall-og-forskning/datainnsamling--kilder/basil/resultatregnskap-fra-private-barnehager>

Med vennleg helsing  
Mette Marei Træland  
Barnehagefagleg rådgjevar.

